

Viktige moment om utkast til ny postlov

Alle abonnementsavisene har framleis mesteparten av inntektene frå papiravisa, både lesarinntekter og annonseinntekter. Det er altså papiravisene som i dag finansierer det meste av journalistikken og det er grunn til å tru at papiravisa vil vera ein berebjelke for inntektene i fleire år framover. Utvikling av digitale tilbod, som nå pågår for fullt, kjem i først omgang i tillegg. Reduksjon i papiravisa vil først kome i dei første vekedagane, medan avisene inn mot helg er, og vil bli endå viktigare. Det gir difor sterk uro i bransjen at laurdagsomdeling nå er sett under debatt.

Posttenester er ein viktig del av infrastrukturen i heile landet, og viktig både for bedrifter og folk flest. Posttenestene er ein føresetnad for at det skal koma ut aviser i heile landet. Spesielt for lokalaviser og riksaviser er Posten viktig. Slik er posttenestene avgjerande for å nå måla om mangfald i media, reell ytringsfridom og lokalt demokrati.

* Avisdistribusjon må spesifikt med under samfunnsansvaret i Postens konsesjon.

* Dersom det ikkje er muleg å oppretthalde generell omdeling av post laurdag vil vi be om at distribusjon av aviser, til alle deler av landet, blir leveringspliktig del av Posten sine tenester.

* Avisene må nå fram til abonnentar i heile landet også på laurdagar. Med andre ord må det vere transport mellom dei forskjellige regionar og landsdelar.

* Lik kvalitet, frekvens og pris på posttenester i alle deler av landet er ein viktig del av infrastrukturen for bedrifter og innbyggjarar.

* Det vil ta seg dårleg ut om Noreg, som internasjonalt framhevar seg som førsteklasses demokrati, svekker infrastrukturen som gjer det muleg for avisene å nå fram til lesarar i heile landet seks dagar i veka, og altså laurdagar.

* Lokalavisene og riksavisene er spesielt avhengig av distribusjon gjennom Posten. Dei har ein stor del av opplaget i område der det ikkje er reelt alternativ til Posten.

* Posten må ha ansvaret for at avisdistribusjon blir utført, også lørdagar, men må gjerne samarbeide med andre aktørar når det er føremålstenleg for å finne kvalitativt gode og kostnadseffektive løysingar.

Utan at Posten har ansvaret og leveringsplikt vil dei store avisene sine distribusjonsselskap få eit de facto monopol på laurdagar, noko som vil vere svært uheldig for avismangfaldet ved at uavhengige lokalaviser blir prisgitt konkurrenten.

* Prisen for distribusjon på laurdagar må vere den same som dei andre dagane i veka.

* Enhetsporto må vidareførast ved eventuell liberalisering

Dette står i fare dersom indrefiletten i posttenestene, distribusjon i byar/tettbygde strøk, blir trekt ut av private aktørar, og den dyrare distribusjonen til og i distrikta blir ståande att. Då vil gjennomsnittsprisen her stiga kraftig.

Oslo 19. mai 2015

Landslaget for lokalaviser

Rune Hetland, generalsekretær